

Innkalling
til
generalforsamling i
Voss Veksel- og Landmandsbank ASA

Park Hotel Vossevangen onsdag 14. april 2010 kl. 17.30

Registrering og enkel servering frå kl. 16.30

Aksjonærer som ynskjer å møta i generalforsamlinga må seinast fredag 09.04.10 melda seg til banken. Bruk vedlagde påmeldingsskjema/fullmaktsblankett.

Sakliste og framlegg til vedtak i generalforsamlinga ligg vedlagt.

Voss, 22. mars 2010

Gunn Bjørg Bryn



Formann i representantskapet

Generalforsamling i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA

Park Hotel Vossevangen **onsdag 14. april 2010 kl. 17.30**

Registrering og enkel servering frå kl. 16.30

Sakliste:

1. Registrering
2. Val av møtestyrar
3. Orientering om årsrekneskapen for 2009
4. Godkjenning av årsrekneskapen og årsmeldinga, medrekna utdeling av utbytte
5. Val i samsvar med vedtektene § 8-4
6. Fullmakt til opptak av ansvarleg lån / fondsobligasjon
7. Fornying av fullmakt til kjøp av egne aksjar
8. Fastsetjing av honorarsatsar til representantskapet sine medlemmer

Formann i representantskapet, Gunn Bjørg Bryn, leiar møtet fram til det er vald møtestyrar.

Med atterhald om godkjenning frå generalforsamlinga vil utbytte for 2009, kr 50,- pr. aksje, verta sendt til dei som står registrerte som aksjeeigarar pr. 14. april 2010.

Banken sine aksjar vert notert ex-utbytte pr. 15.04.10.

Valnemnda si innstilling under pkt. 5 og framlegg til vedtak under pkt. 6, 7 og 8 i saklista, sjå vedlegg.

Aksjonærer som ynskjer å møta i generalforsamlinga må seinast fredag 09.04.10 melda seg til banken. Bruk vedlagde påmeldingsskjema/fullmaktsblankett.

Voss, 22. mars 2010

Gunn Bjørg Bryn



Formann i representantskapet

Sak 5: Val i samsvar med vedtektene § 8-4

Val av 6 medlemmer til representantskapet for 2 år.

På val står: Ole Erik Almenningen, Kjell Ove Baartvedt, Gunn Bjørg Bryn, Olav Loven, Anders Midttun og Magne Røystrand.
Gunn Bjørg Bryn og Olav Loven kan ikkje attveljast grunna 12 / 20-årsregelen.
I tillegg er Anders Midttun gått bort.

Valnemnda sitt framlegg:

Attval på ingeniør Ole Erik Almenningen, lensmann Kjell Ove Baartvedt og lærar Magne Røystrand,
og som nye medlemmer butikksjef Aud Eide, adm. dir. Egil Mørkve og dagleg leiar Stein Kvarekvål.

Val av 6 varamedlemmer til representantskapet for 2 år.

På val står: Aud Eide, Aud Almenningen, Aud Grete Ekestad, Kjell Arne Lid og Bjarne Fosse.

Valnemnda sitt framlegg:

Attval på marknadskonsulent Aud Almenningen, rådgjevar Kjell Arne Lid og autorisert rekneskapsfører Bjarne Fosse,
og som nye varamedlemmer økonom Kathrine Løno Lahlum, apotekar Eli Bjørke Hellerslien og siviløkonom Solveig Stråtveit Gravning.

Val av 3 medlemmer til kontrollnemnda for 2 år.

På val står: Gunnar Skeie, Kjell Ove Baartvedt og Olav Dyrud.
Olav Dyrud kan ikkje attveljast grunna 12-årsregelen.

Valnemnda sitt framlegg:

Attval på advokat Gunnar Skeie og lensmann Kjell Ove Baartvedt,
og som nytt medlem jurist Kari Sætren Bondevik.

Val av 2 varamedlemmer til kontrollnemnda for 2 år.

På val står: Steinar Tveit og Bjarne Fosse.

Valnemnda sitt framlegg:

Attval på autorisert rekneskapsfører Steinar Tveit og autorisert rekneskapsfører Bjarne Fosse.

Val av valnemnd til generalforsamlinga i 2011.

Valnemnda til generalforsamlinga i 2010 har vore Gunn Bjørg Bryn, Arne Kjell Skeie og Astrid Kløve-Graue.

Valnemnda sitt framlegg:

Attval på disponent (tidl. styreformann i VVL) Astrid Kløve-Graue og gartner (tidl. varaformann i VVL) Arne Kjell Skeie og som nytt medlem bokhandlar (tidl. varaformann i VVL) Anders Ullestad.

Sak 6: Fullmakt til opptak av ansvarleg lån/fondsobligasjon

Etter møte 17.02.10 ber representantskapet i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA om at generalforsamlinga fattar fylgjande vedtak:

”Generalforsamlinga i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA gjev hermed styret fullmakt til å ta opp ansvarleg lånekapital som fondsobligasjon med inntil 35 mill. kr og som ansvarleg lån for inntil 50 mill. kr. Styret i banken får fullmakt til å vedta vilkår for låna, og skal syta for at låna vert godkjent av Finanstilsynet som teljande ansvarleg kapital.”

Sak 7: Fornyng av fullmakt til kjøp av egne aksjar

Etter møte 17.02.10 ber representantskapet i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA om at generalforsamlinga fattar fylgjande vedtak:

”Generalforsamlinga i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA fornyar hermed styret si fullmakt til å kjøpa egne aksjar i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA med pålydande inntil kr. 95.000,- fordelt på 950 aksjar, tilsvarande 1% av aksjekapitalen. Det lægste og høgste beløp som kan betalast for aksjane skal vera høvesvis kr 2.000,- og kr 3.500,-. Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA står fritt innanfor denne fullmakta til å kjøpa og selja aksjar på den måten styret finn best. Fullmakta er gyldig fram til neste ordinære generalforsamling.”

Sak 8: Fastsetjing av honorarsatsar til representantskapet sine medlemmer.

Styret i banken gjer framlegg om nye honorarsatsar som fylgjer:

		Frå 23.03.04
	<u>Frå 15.04.10</u>	<u>Til 14.04.10</u>
Formann i representantskapet	kr. 18.000,-	(kr. 12.000,-)
Medlem i representantskapet pr. møte	kr. 1.250,-	(kr. 950,-)